

Kjære alle sammen!

Dette var tala eg hadde planlagt som
leders tale på fylkesårsmøtet 2019.
Men tida vart for kort så eg rakk
ikkje å si absolutt alt som står her.

Så er det min tur til å holde leders tale. Etter ein del av nyhetene denne veka burde eg vel hatt vy som tema – for vyer har vi jo! For ein ordglad togentusiast vil det ta tid å fordøye at vy skal bringe meg fram og tilbake på spora.

Spor skapes også når vi møter kvarandre – kjente og ukjente. Eg står her på vegne av fylkesstyret, og sammen har vi gjort vårt beste for å setje spor på forskjellige måtar det siste året.

For fylkesstyret og meg har det vore eit interessant og travelt år – både pga av det vi skal og vil delta på og gjere, og på grunn av saker vi har funne på sjøl.

Men dette er trøsta: Å være à jour – for et liflig ord! Skjønt hvis det ble tomt på mitt skrivebord, da ville jeg føle meg ørkesløs, og det er et ord som gjør meg nervøs. For den dagen kunne jo virkelig komme, at bord og hyller for evig ble tomme. Da heller tåle en smule stress og føle seg nyttig – og kanskje litt tess!!

Vi i fylkesstyret er ombudskvinner for lokallagsstyrta og medlemmane, og vi er kontaktledd til sentralstyret og administrasjonen i Norges Bygdekinnelag.

Med andre ord – vi er mellom barken og veden. Vi skal formidle informasjon og spørsmål og det som måtte dukke opp mellom sentralt og lokalt. I styret og administrasjonen sentralt står dei på for oss, og vi får til tider tilsendt ganske mykje å ta tak i. Det kan gå heilt i ball, som ei sa...

Eg skal ikkje si mykje om arbeidet på sentralt hald, for vi har jo styreleder Ellen Krageberg her i dag, så vi får nok informasjon frå ho.

På inspirasjonsseminaret i morgo skal vi plukke opp trådar frå det Ellen presenterar og sjå korleis vi jobbar videre med KvinnerUT og Organisasjonsskolen og Mattradisjonsskolen og Regionsreformen og Guatemala og det som de i lokallaga tenker på. Det er ikkje småtteri vi i Bygdekinnelaget styrer med! Vi har vyer!

Frå sentralt hald kjem det altså ein god del, men frå lokalt kunne vi nesten ynskje at det kjem meir. Men ”stillheten” tolkar vi slik at det går bra. Og oversikten over aktiviteter i 2018, som du finn i årsmeldinga, viser at det er utruleg mange og varierte arrangement rundt i fylket. Eg nemner ingen spesielt – men skryt generelt i form av ord. Her er mine ord for å beskrive lokallaga: Autentisk, blid, bra, energisk, frodig, gagnlig, gjev, livlig, kjærighet, aktive, nevenyttig, sosiale, ønskelag, nær, raus, samarbeid, utadvendt, vennlig, åpent.

Desse orda har kome fram slik: I julebrevet til lokallaga ønska eg meg 22 ”gaver” – ei gave frå kvart lag – som skulle vere ”Eitt – berre eitt! - ord som beskriv laget.” Ordet måtte starte på første bokstaven i lagsnavnet, og leveringsfrist for gava var ut februar. Eg fekk fem ”ordgaver” – så resten måtte eg skaffe sjøl – beskrivande ord som starta med første bokstaven i lagsnavnet.

Da eg takka for tilliten etter valget på årsmøtet i 2018 – hadde eg med ein raud boks der eg ønska meg lappar med ”forventningsavklaringar” – eit uttrykk vi har lært av Bygdeungdomslaget. ”Være lydhør for lokallagenes behov”, stod det på ein lapp. ”Bygdekvinnelagsorganisasjonsengasjement” og ”Arbeidsplanoppfølging” stod det på ein annan lapp.

”Forventningsrealitet? – Til seg selv. Til andre. Begynne med noe nytt ...” kunne eg også lese. Ellers var det temaforslag og lykkeønskingar i boksen min. Eg vil tru at det nye fylkesstyret gjerne vil få fleire forventningsavklaringar - styret må få vite kva de vil at dei skal gjere for dykk. Boksen er her i dag og i morgo – og vi håper også på stort engasjement i generaldebatten.

Lokallaga har så mykje å vere stolte av – og fristen for å sende inn forslag til Årets lokallag 2018 til fylkeslaget er 1.april. Det er ganske snart - og 20.000 kr ventar frå Norges Bygdekvinnelag! Det er sendt ut skjema til lokallaga – og fylkesstyret gler seg til å lese gjennom. Det er styremøte 2.april, og vi har alt fått ein ”søknad”!

I løpet av dagen blir det diverse prisutdelingar. Da blir det gratulasjonar – og nå benytta vi sjansen til å gratulere jubilantar i 2018:

Bærum med 80 år og Nannestad og Gansdalen med 85 år.

I 2019 kan Rælingen feire 80 år, Asker, Enebakk, Gjerdrum, Ås og Kråkstad 85 år og Aurskog-Høland har feira 10 år.

Og så har vi eit 100-årsjubileum i år. Det er 100 år sidan ALLE i Norge fekk stemmerett. Fram til 1919 hadde ikkje dei som fekk fattigstøtte stemmerett, men 17.juli 1919 oppheva Stortinget denne ordninga. Av dei som fram til 1919 ikkje hadde rett til å stemme, var 2/3 kvinner. Vi feira 100 år i 2013 – vi bør vel eigentleg feire enda meir i 2019?

Av Bygdeungdomslaget har vi lært å ha sonerunden som eit punkt på saklista på styremøta. Da snakkar vi om ”Rikets tilstand” rundt i laga. Vi veit at det er lag som syns det er litt tungt innimellom. Da er vi i fylkesstyret der for å dra lasset saman med dykk – det er ei av oppgavene vi har som ombudskvinner.

Om det går litt tungt så kan det vere lettare å få 10 personar til å gjere ein sak kvar enn å få ein person til å ta seg av 10 saker/arrangement.

I enkelte bygder er det utruleg mykje som skjer – eit luksusproblem eigentleg – slik at det er vanskeleg å finne både lokale og ledige kveldar. Men - det kan vere ein tanke da å samarbeide og dele både glede og innsats. Det gjeld jo også bygdekinnelaga som ligg nær kvarandre. Dra på besøk!

I vår tid går kontakten mellom fylkesleddet og lokallaga naturleg nok på e-post, og vi veit at det også er slik i lokallaga. Vi i fylkesstyret blir veldig glad om brev som er stila til medlemmane – f.eks. sommar- og julebrev – blir formidla vidare og gjerne lagt ut på laget si FB-side og nettside. Og så kan lokallaga kommunisere med kvarandre og sende invitasjonar – adresser står i årsmeldinga

Vi vil jo at fleire skal få oppleve glede ved å bidra til gode bygder! Klart vi vil! Verving er eit årelangt prosjekt for lokallaga, og vi veit at de er aktive – men også syns også at det er litt vanskeleg. MEN – som det står på s. 36 i Bygdekinner nr 1/19 – Akershus fekk bronseplassen i verving 2018 med 57 nye medlemmar! Vinnaren Oppland hadde 65 nye – bare 8 fleire enn oss.

Vi har lært enda meir av Bygdeungdomslaget: Begrepet måltall: Å ha eit konkret tall for kor mange nye vi skal ha i laget. 22 lag har måltall 1 = 22 nye medlemmar.

I 2019 tek vi i ABK gull i vervemesterskapet!

Nye medlemmar har jo fått Mattradisjoner i Akershus i gave frå fylkesstyret. Nå er det slik at boklageret er tomt. Styret har jobba med å finne ut om muligheter for nytt opptrykk, og det er nok mulig. MEN – vi vil gjerne høre kva lokallaga tenker om saken. Er det fortsatt marked og behov for boka? Bruk generaldebatten i dag til synspunkt, og vi skal også ta det opp på seminaret i morgo.

Vi må vere stolte – og vi må ha eit klart og felles budskap når folk spør:
 Kva gjer de i Bygdekvinnelaget? Ha det litt artig ein kveld og øv på orda.
 Nå har vi også ei ny målgruppe: Halv pris for dei under 30 år. Det finnes så mange unge i bygdene. Inviter dei og spør kva dei har lyst å oppleve og bidra med. La dei ha sin ungdomsavdeling og gje dei støtte. Møt opp på det dei arrangerar.

Og – dette ligg hjartet mitt nær: Vær raus med ros og støtte og konstruktive tilbakemeldingar til kvarandre. Gjer kvarandre gode! Og ta godt imot nye i laget og bygda.

Som samfunnsaktørar er det viktig å vere synlege. Fylkesstyret har fått leserinnlegg på trykk i 2018 for å vise at vi er opptatt av aktuelle saker i samfunnet. Vi er partipolitisk nøytrale – men vi er politiske – vi har meiningar. Det siste leserinnlegget var i samband med 8.mars, og vi er veldig glad for at ABU blei med på det også slik som i november 2018.

Det siste leserinnlegget tok utgangspunkt i Handlingsplan for kvinner, fred og sikkerhet som regeringa la fram i januar. Styrets forslag til resolusjon frå årsmøtet tek også utgangspunkt i denne handlingsplanen.

I høst er det kommunevalg – og uansett kva du stemmer – bruk stemmeretten som formødrene våre kjempa fram i 1913. Det fortener dei! Og vi må oppfordre alle til å bruke stemmeretten. Demokratiet kjem ikkje av seg sjøl. Vi må verne om det. I 1919 handla det om å få stemmerett for alle. I 2019 handlar det ofte om å få folk til å bruke stemmeretten. Finn ein sak som laget vil si noko om, skriv eit leserinnlegg, still spørsmål til listekandidatane. Vi må våge å stå for noko og vere klare og tydlege – og litt skarpe kan vi også vere.

På ein lapp i den rauda boksen min stod det – finne på noe nytt...

Det har fylkesstyret gjort. Sammen med Akershus Bygdeungdomslag søkte vi Gjensidigestiftelsen om 100.000 kr til eit prosjekt vi kalla Samhandling for sosiale møteplassar. Dessverre – vi fekk ikkje pengar – men vi prøvde!

Men vi er veldig glad for at vi fekk støtte til noko anna nytt.

Fra VOFO - Voksenopplæringsforbundet Akershus – fekk vi 18.000 kr til *Bygdekvinnetreff – kreativt mangfold*. Bygdekvinnetreffet var eit felles sonestyremøte. Ut frå evalueringsskjema var mange positive til denne måten å arrangere sonestyremøte på. Men alle laga kunne dessverre ikkje møte, og vi i styret vil gjerne ha tilbakemeldingar på opplegget – eit felles sonestyremøte eller fire som tidlegare – eller annankvart år – som var eit forslag. Dette er også eit tema vi skal ta opp på inspirasjonsseminaret i morgo.

Vi skal vere stolte og rette ryggen når vi fortel om det viktige arbeidet vi gjer for gode liv i trivelege bygder. Vi er frivillige, og den ulønna innsatsen frå folk utgjer ca 148.000 årsverk. I 2014 var dette verdt 125.5 milliardar kroner.

Om de i laget sett opp antall timer med frivillig innsats og multipliserar det med kr 200 pr time – da kjem verdien av den frivillige innsatsen fram i kroner.

De kan jo rekne ut bare for eitt arrangement ... Summen blir nok ein overraskelse for dei fleste.

Dei som kjenner meg veit at eg kanskje er over gjennomsnittleg internasjonalt engasjert. Da eg jobba i administrasjonen i Bygdekvinnelaget fekk eg mulighet til å arbeide med det internasjonale arbeidsfeltet - da blei interessa tent for alvor, og det er eg så glad for. Det har sett spor hos meg som privatperson – og Bygdekvinnelaget har som organisasjon i dei seinare åra satt spor i Senegal og Mosambik.

Nå er det Guatemala det gjeld, og på eit 8.marsarrangement fortalte eg om Bygdekvinnelagets internasjonale engasjement. Mange blir overraska når vi fortel at vi også ser ut over landegrensene. Det har jo Bygdekvinnelaget gjort i mange, mange år – men det kan sjå ut som det er ein godt bevart hemmeleghet.

Fortell fortell – og bli gjerne medlem i ACWW – den internasjonale bygdekvinneorganisasjonen. Ei stor gruppe frå Bygdekvinnelaget skal jo nå på verdenskongress i Australia og bidra til at livet blir betre for kvinner i verden.

Det er målet for Bygdekvinnelagets engasjement globalt.

Eg starta i dag med å snakke om spor. Tenk på alle spora du har skapt hos dei du har møtt – dei frå vårt eige land og dei som har kome frå andre land – dei du kjenner og dei du ikkje kjenner - og dei har sett spor hos deg.

Vi skaper spor kvar dag – med den vi er og det vi gjer.

Eg vil avslutte med å låne nokre vers frå eit dikt av Haldis Midtbø.

Korleis blir spora våre?

Eg ser ei lyseraud sløyfe
og noko bustut hår,-
det er ho vesle Inga
som over enga går.

Ein solbrun arm ho lyfter
og vinkar til meg med.
Så kry ho mot meg smiler
at også eg må le.

Ja, det er vesle Inga
som på små føter går
og vassar gjennom graset
som heilt til haka når.

Men lenge etter Inga
har traska heim til mor,
kan eg i lange graset
sjå vegen der ho for.

Og slik som Inga laga
sin veg på grasgrodde jord,
på vegen gjennom livet
me lagar våre spor.

Godt årsmøte!

Sørum 16.mars 2019